



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Florø kulturhus, Festsalen
Dato: 31.08.2023
Tid: Kl. 08:45 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Kristian Skibenes	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V
Asgeir Olav Solheim	UAH
Fredrik Smiley Egeberg	UAH
Randi Hagevik Aare	UAH
Tom André Vedvik Hopland	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Lars Terje Standal	Kinn AP	Ralf Einar Johannessen	Kinn AP
Leif Magne Gil	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Ronny Cassells	Kinn AP	Asbjørn SørDAL	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H	Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF	Dag Almenning	Kinn KrF
Geir Arne Solheim	Kinn MDG	Marte Hollevik	Kinn MDG
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG	Brage Nybø Waage	Kinn MDG
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt	Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Edvard Iversen	Kinn V	Torstein Hagen	Kinn V

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Hilmar Eliasson	104/23	Rune Otto Nilsen, V	Repr. Eliasson erklært innhabil jfr. forvaltningslova § 6 a).

Møtenotater:

MDG v/repr. Marte Hollevik fratrådte møtet kl. 10.30 under handsaming av sak 103/23. Hollevik tiltrådte møtet igjen kl. 11.00, under handsaming av sak 104/23.

V/v repr. Jan Henrik Nygård deltok i drøftinga i sak 104/23 frå kl. 10.45 - 12.00.

FrP v/repr. Frank Willy Djupvik tiltrådte møtet kl. 10.45 før handsaming av sak 104/23, vara Bjarne Holme fratrådte møtet.

SP v/repr. Torgunn Eikevik tiltrådte møtet kl 13.10 under handsaming av sak 106/23.

Frå kontrollutvalet møte:

Kjell Heggen, leiar

Frå administrasjonen møte:

Øyvind Bang-Olsen, kommunedirektør

Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef samfunn, kultur og miljø

Norunn Stavø, kommunalsjed helse og velferd

Runa Nybakk, kommunalsjef oppvekst

Linda Nipen, kommunalsjef økonomi

Linda Myhre Larsen, stabsleiar Informasjon og service

Frida Rogne, webanvarleg Informasjon og service

Ola Teigen

Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
100/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
101/23	Spørsmål
102/23	Godkjenning av møteprotokoll
103/23	Refererte skriv og meldingar
104/23	Ombygging til kjøkkendrift i Hjellegata - igangsetting
105/23	Justert oppmoding om busetting 2023
106/23	Framlegg til møtereglement i politiske organ for Kinn kommune
107/23	Løyve til sal av alkoholhaldig drikk 2020 - 2024
108/23	Forskrift om utvida bandtvang for hund, Kinn kommune
109/23	Interpellasjonar
007/23	Interpellasjon til kommunestyremøte 31.08.2023 - Standalsvegen



Saksnr.	Utval	Møtedato
100/23	Kommunestyret	31.08.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 100/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 100/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 12.06.2023 (09.00 - 15.30) og 13.06.2023 (09.00-18.30)



Saksnr.	Utval	Møtedato
101/23	Kommunestyret	31.08.2023

Spørsmål

KOST- 101/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Spørsmål frå Rødt v/repr. Marie Kronen Tveranger:

Kinn Raudt fekk svar i sin interpellasjon reist i Kommunestyret 12.06.2023 om kva som har blitt gjort og skal gjerast for å begrense havnespy. Det er ikkje hengt opp informasjon i Småbåthavner i Florø om Havnespy, slik det kjem fram i protokollen. Det vart og svart at informasjonsplakater i småbåthavnar i Måløy skulle hengast opp.

Spørsmål:

1. Kvifor er det ikkje hengt opp informasjon om Havnespy i småbåthavner i Florø?
2. Er der hengt opp informasjon om Havnespy i Småbåthavner i Måløy og omegen?

Svar frå ordførar Ola Teigen:

Orienterte om at spørsmålet er kome inn for seint jfr. frist for innsending av spørsmål. Spørsmålet blir besvart skifteleg i etterkant av kommunestyremøtet.

Spørsmål frå SP v/repr. Jan A. Midtbø:

1. Fiberutbygging i Nordalsfjord, løyve i vatn og sjø manglar.
2. Status Brandsøyvegen.
3. Økonomi - Kvifor er der ikkje orientering om økonomi på saklista i kommunestyremøte i dag.

Svar frå ordførar Ola Teigen:

1. Svar på spørsmålet vert gjeve skifteleg i etterkant av kommunestyremøte.
2. Har ikkje meir info enn forrige orientering, Brandsøyvegen vert jobba med av fylkeskommunen og ansvaret ligg der.
3. Finansutval i Kinn er formannskapet, og orientering om økonomien i Kinn, kjem i møte i formannskapet 01.09.2023.

Spørsmål frå V v/repr. Jacob Nødseth:


Kva med ei sak om redusert formell fartsgrense i enkelte stadar i kommunen vår, for å tilpasse den til faktisk fartsgrense. Ved evt. utbygging i sentrum kan ein få redusert krav til støy. Bør sjå på endring av fartsgrensar fleire stadar. Ber om at ordførar bekrefter at dette kjem som sak i neste politiske periode.

Svar frå ordførar Ola Teigen:

Forslaget frå kommunedirektøren er at ein kan sende inn forslag til sak til PMNU.

KOST- 101/23 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
102/23	Kommunestyret	31.08.2023

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 102/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.


KOST- 102/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 12.06.2023 (09.00 - 15.30) og 13.06.2023 (09.00-18.30)

Protokoll - Kommunestyret - 12.06.2023 (09.00 - 15.30) og 13.06.2023 (09.00-18.30)



Saksnr.	Utval	Møtedato
103/23	Kommunestyret	31.08.2023

Refererte skriv og meldingar

KOST- 103/23 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.


KOST- 103/23 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

009/23, Notat - Press på institusjonstjenesten
Ingen vedtak.

010/23, Notat - Anbudsgrunnlag for utlysning av konkurranse for bygging av Skram skule
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
104/23	Kommunestyret	31.08.2023

Ombygging til kjøkkendrift i Hjellegata - igangsetting

KOST- 104/23 Vedtak:

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å sette i gang ombygging av Hjellegata 2 til kjøkkendrift for Bordgleder KF.
2. Kommunestyret tek til vitande kostnadsramme utarbeid av iVest Consult for byggteknisk ombygging til kok/kjøl og kok/server.
3. Kommunedirektøren innarbeider kostnadane til ombygging i 2. tertialrapport. Kommunedirektøren skal vurdere kostnadsreduksjonar fram mot 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle og inngå leigeavtale med Bordgleder KF for lokala i Hjellegata 2. Kontrakten skal vere på basert på ei leige på marknadsmessige vilkår.
5. Kommunedirektøren utarbeider sak til kommunestyret til møte i november med framlegg til optimalisert driftsmodell for kjøkkenteneste og matproduksjon i Kinn kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å sette i gang ombygging av Hjellegata 2 til kjøkkendrift for Bordgleder KF.
2. Kommunestyret tek til vitande kostnadsramme utarbeid av iVest Consult for byggteknisk ombygging til kok/kjøl og kok/server
3. Kommunedirektøren innarbeider kostnadane til ombygging i 2. tertialrapport. Kommunedirektøren skal vurdere kostnadsreduksjonar fram mot 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle og inngå leigeavtale med Bordgleder KF for lokala i Hjellegata 2. Kontrakten skal vere på basert på ei leige på marknadsmessige vilkår.
5. Kommunedirektøren utarbeider sak til kommunestyret til møte i november med framlegg til optimalisert driftsmodell for kjøkkenteneste og matproduksjon i Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har vedteke i sak 75/23 at det skal vere kjøkken i Florø, med kok/server 7 dagar i veka, med moglegheit til kok/kjøl ved behov. Formannskapet gjorde i sak 88/23 vedtak om å legge inn bod på Hjellegata 2, med tanke på å nytte lokala til framtidig kjøkkendrift.

På grunn av sommarferien har det vore utfordrande å få jobbe med konsekvensane av vedtaket og kunne presentere nye analysar i saka.

Vi har derfor teke utgangspunkt i at ein må komme i gang med ombygging av Hjellegata 2 for å unngå forseinking av ny institusjon. Dessutan ligg det eit notat som så langt det er mogeleg gir ei foreløpig konsekvensvurdering av kva tiltak som må gjennomførast og ei kostnadsvurdering av vedtaket. Ut frå tidsperspektivet har det ikkje vore mogeleg å optimalisere, eller komme med ei alternativvurdering om vedtaket skal justerast da det ikkje er i samsvar med økonomiplan. Dette vil vi komma attende til før budsjetthandsaming.

KF Bordgleder treng heller ikkje investere i driftsutstyr før i slutten av november.

I notatet ligg det også ein framdriftsplan til gjenopning av kjøkkenet i Måløy.

Saksopplysningar:

Hjellegata 2 (Gbnr. 202/528 snr.2, tidl. butikklokaler) vart kjøp av Coop Nordvest SA for 7,4 mill pluss omkostningar. Kinn kommune overtok lokala 7. juli 2023. Lokala har eit BRA på 1310m².

Bordgleder KF og Kinn kommune har leigd inn iVest Consult for å kostnadsrekne tilpassing av bygget til kjøkkendrift. Byggteknisk tilpassing til kok/kjøl er kostnadsrekna til 18,3 mill inkl mva, med eit tillegg på 2,2 mill inkl mva for kok/server. Tilpassing av bygget i tråd med kommunestyrets bestilling, er altså kostnadsrekna til 20,5 mill inkl mva. Arealbehov for kok/kjøl er på 450 m², med tillegg på 150m² for kok/server. Totalt arealbehov for Bordgleder KF er altså 600m².

Inventar og utstyr til kjøkkendrift kjem i tillegg og investeringsbehov vert fremja som ei eiga sak til kommunestyret av Bordgleder KF.

Kommunedirektøren har med bakgrunn i tida heller ikkje fått kvalitetssjekk alle detaljar knytt til gjenopning av kjøkkenet i Måløy. Det blir no gjennomført ei supplerande vurdering av byggtekniske føresetnader og føresetnader for mattilsynet.

Vurderingar:

Det er viktig at arbeidet med ombygging vert starta opp snarleg. Dei noverande kjøkkenlokala til Bordgleder KF er på det gamle sjukehuset i Florø, som skal rivast for å bygge ny institusjon. Bordgleder KF har ikkje alternative produksjonslokale som mellombels eller permanent kan nyttast.

Kommunestyret har vedteke at Bordgleder KF skal halde fram med matproduksjon i Florø, og lokala i Hjellegata 2 fram står som dei best eigna for ombygging til nytt storkjøkken i Florø.

Økonomiske konsekvensar:

Kinn kommune sine kostnader med kjøp (600 m²) og tilpassing av lokaler er estimert til kr 39.900,- pr m². Sjølve arealet vart kjøpt for 5.450,- kr. pr. kvam (totalt 44.350,- kr. pr. kvm). Det er såleis eit godt stykke opp til kostnadene i eit nybygg. Investeringskostnaden som er retningslingsgjevande for institusjon er 62.000,- pr. kvm. Alternativ lokale er såleis å føretrekke kontra å bygge kjøkken i nytt insitusjonsbygg.

Det er naturleg at kommunen får dekket sine investeringskostnader gjennom ein

langsiktig leigeavtale med Bordgleder KF. I og med at Bordgleder KF også operer på den private marknaden må kontrakten må bli utforma seg på marknadsmessig vilkår.

Kommunedirektøren er uroa for dei økonomiske konsekvensane av ny kjøkkenordning då omsorgstenestene må bære hoveddelen av kostnadene for matproduksjon. Kommunaldirektøren vil som del av dette prosjektet gå gjennom vilkåra for utbygging som er presentert og optimalisere både KF Bordglede sine kalkyle for arealbruk og bemanning.

Sjølv om ein gjer dette vil ein likevel sitja att med ein stor ekstrarekning. Vi viser til notat som er utarbeidd i saka. Det er i notatet skissert kostnadene med matproduksjon vil auka drift med 10,8 mill. kr.

Kommunedirektøren har etter vedtak i kommunestyret i juni ikkje hatt høve til å optimalisere kostnadene ved kjøkkendrifta. Kommunedirektøren meiner vi ikkje har høve til å auke kostnadene slik konsekvensane av kommunestyret no fram står då desse bryt radikalt med økonomiplan rammer. Kommunaldirektøren vil derfor komma attende med sak til kommunestyret i november som del av budsjetthandsaming.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

V v/repr. Eliasson ønsket vurdert sin eigen habilitet då han er prosjektleiar i sak om ombygging til kjøkkendrift i Hjellegata. Repr. Eliasson vart samrøystes erklært innhabil jfr. forvaltningslova § 6 a).

Orientering v/ dagleg leiar i Bordgleder Halvor Halvorsen og kjøkkenplanleggar Egil Johansen frå Norsk storkjøkken AS.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt. 1., samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt. 2. - 5., samrøystes vedtatt.


KOST- 104/23 Vedtak:

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å sette i gang ombygging av Hjellegata 2 til kjøkkendrift for Bordgleder KF.
2. Kommunestyret tek til vitande kostnadsramme utarbeid av iVest Consult for byggteknisk ombygging til kok/kjøl og kok/server.
3. Kommunedirektøren innarbeider kostnadane til ombygging i 2. tertialrapport. Kommunedirektøren skal vurdere kostnadsreduksjonar fram mot 2. tertialrapport.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle og inngå leigeavtale med Bordgleder KF for lokala i Hjellegata 2. Kontrakten skal vere på basert på ei leige på marknadsmessige vilkår.
5. Kommunedirektøren utarbeider sak til kommunestyret til møte i november med framlegg til optimalisert driftsmodell for kjøkkenteneste og matproduksjon i Kinn kommune.

Vedlegg i saken:

Kalkyle ombygging Hjellegata 2

Notat til kommunestyret - kjøkken
Notat vedrørende kjøkkenlokala i Måløy
Rapport frå kjøkkenkonsulent- kjøkken Måløy



Saksnr.	Utval	Møtedato
014/23	Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF	16.08.2023
105/23	Kommunestyret	31.08.2023

Justert oppmoding om busetting 2023

KOST- 105/23 Vedtak:

Kinn kommune vedtar å følgje oppmodinga frå IMDi om å busette inntil 220 personar i 2023. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting i nær familie kjem i tillegg.

Innstilling frå dagleg leiar:

Kinn kommune vedtar å følgje oppmodinga frå IMDi om å busette inntil 220 personar i 2023. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting i nær familie kjem i tillegg.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune vart i utgangspunktet oppmoda om å busette 190 personar i 2023, og dette vart vedteke i kommunestyremøte 15.12.2023. I samband med fortsett vekst i talet på flyktningar frå Ukraina, sendte IMDi ei justert oppmoding om busetting 31.05.2023. Den nye oppmodinga er på 220 personar, det vil seie ei auke på 30 personar frå vedtaket om 190 personar. Kvar person som blir busett utover den opphavslege oppmodinga frå IMDi utløyser eit ekstratilskot på 50 000 kroner.

I samråd med kommuneadministrasjonen vurderer dagleg leiar at den oppmoda auken vil vere forsvarleg, både når det gjeld kapasitet hos KURS KF og andre kommunale tenester, inkludert tilgang på bustad.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:


Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar i Kurs KF samrøystes vedtatt.

KOST- 105/23 Vedtak:

Kinn kommune vedtar å følgje oppmodinga frå IMDi om å busette inntil 220 personar i 2023. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting i nær familie kjem i tillegg.

Vedlegg i saken:



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/23	Utval for politisk organisering	02.05.2023
061/23	Kommunestyret	25.05.2023
088/23	Kommunestyret	12.06.2023
106/23	Kommunestyret	31.08.2023

Framlegg til møtereglement i politiske organ for Kinn kommune

KOST- 106/23 Vedtak:

Møtereglementet skal rullerast innan våren 2024.

4.2.c - nytt punkt:

Utvalsleiar og gruppeleiar skal tidleg varslast av administrasjonen om forfall og kven som er kalla inn.

Endring punkt 6.2:

Ordførar kan avvise spørsmål, men må grunngje slik avvising." vert endra til "Ordførar kan avvise spørsmål, men må grunngje slik avvising sakleg og konkret.

Vedr. punkt 6.1:

Strykast i sin heilskap

Tillegg om "ro og orden":

Når kommunestyret rullerer møtereglementet skal administrasjonen i samband med denne saka også kome med forslag om korleis utvala/utvalsleiar skal gå fram for tilfelle der medlemmar av utval eller tilhøyrarar forstyrrar møtet eller på anna måte hindrar forsvarleg sakshandsaming i møtet.

Kap 2. Definisjonar Gruppeleiarane:

Kommunestyret vedtek 3. avsnitt om gruppeleiarar i framlegget frå utvalet for politisk organisering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for politisk organisering drøftar framlegg til møtereglement for Kinn kommune og innstiller vidare til formannskapet/kommunestyret.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyre sett ned utval for å vurdere reglement, delegering og politisk organisering i sak 152/22. Utvalet si innstilling skal handsamast i kommunestyret 25

mai.

Saksopplysningar:

Reglementet i denne sak regulerer gjennomføring av politiske møter i folkevalde organ i Kinn kommune. Det bygger på KommuneLOVA, ForvaltningsLOVA og OffentlegLOVA og har referansar til desse lovene der det er naudsynt. Reglementet gjeld for kommunestyret, formannskapet og for utval og nemnder.

Reglementet som ligg føre er resultat av drøftingar i utvalet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Forvaltningslov
KommuneLOVA

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Om rullering, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Møtereglementet skal rullerast seinast våren 2024.

4.2.c - nytt punkt, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Utvalsleiar og gruppeleiar skal tidleg varslast av administrasjonen om forfall og kven som er kalla inn.

Tillegg punkt 4.11, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Taletid for innlegg kan ikkje settast til under 3 minutt.

Endring punkt 6.2, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
"Ordførar kan avvise spørsmål, men må grunngje slik avvising." vert endra til "Ordførar kan avvise spørsmål, men må grunngje slik avvising sakleg og konkret.

Vedr. punkt 6.1 - Sendenemnd, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Strykast i sin heilskap

Endringsframlegget frå Kinn SV, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti
Endring av kapittel 4, 4. avsnitt.

Møte i folkevalorgan skal som hovudregel vere fysiske møter. Kommunestyremøta skal haldast på omgang i nordre eller søndre del av kommunen. Det er ønskelig at møter i andre politiske utval og folkevaldorgan vert halde begge stadar.

Tillegg om "ro og orden", foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Når kommunestyret rullerer møtereglementet skal administrasjonen i samband med denne saka også kome med forslag om korleis utvala/utvalsleiar skal gå fram for tilfelle der medlemmar av utval eller tilhøyrarar forstyrrar møtet eller på anna måte hindrar forsvarleg sakshandsaming i møtet.

Nytt møtereglement, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Kommunestyret vedtek framlegg til møtereglement i dei politiske organ for Kinn kommune.

kap 2. Definisjonar Gruppeleiarane, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Kommunestyret vedtek 3. avsnitt om gruppeleiarar i framlegget frå utvalet for politisk organisering.

Kap 9. Mindretalsanke, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Kinn kommunestyre vedtek siste avsnitt i kapittel 9 om "Mindretalsanke".

Venstre v/repr. Nødseth fremma utsettingsframlegg av saka.
Utsettingsframlegg falt med 18 røyster, V-4, AP-11, MDG-2 og H-1 v/repr. Grønnevik.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå V v/repr. Nødseth - Om rullering:
Vedtatt mot 4 røyster frå Raudt.

Framlegg til vedtak frå V v/repr. Nødseth - 4.2.c - nytt punkt:
Samrøystes vedtatt.

Framlegg til vedtak frå V v/repr. Nødseth - Tillegg punkt 4.11:
Falt mot 5 røyster - V - 4 og H -v/repr. Vågene.

Framlegg til vedtak frå V v/repr. Nødseth- Endring punkt 6.2:
Vedtatt mot Raudt - 2 - v/repr. Oldeide og Tveranger.

Framlegg til vedtak frå V v/repr. Nødseth - Vedr. punkt 6.1:
Samrøystes vedtatt.

Framlegg til vedtak frå SV v/repr. Frøyen - Endringsframlegget frå Kinn SV:
Falt mot 14 røyster frå SV-2, V-4, Raudt v/repr. Tveranger, H- v/repr. Berg, Grønnevik og Solheim-Olsen, SP -v/repr. Eikevik og Midtbø, UAVH - v/repr. Solheim og Aare.

Framlegg til vedtak frå V v/repr. Nødseth - Tillegg om "ro og orden":
Vedtatt mot 4 røyster frå Raudt.

Framlegg til vedtak frå AP v/ordførar Teigen - kap 2. Definisjonar Gruppeleiarane:
Samrøystes vedtatt.

Framlegg til vedtak frå AP v/ordførar Teigen Kap 9. Mindretalsanke:
Falt mot 7 røyster frå Raudt-4 , SV-2, UAVH v/repr. Hopland

Framlegg til vedtak frå AP v/ordførar Teigen - Nytt møtereglement m/endringar:
Vedtatt mot 3 røyster - V - v/repr. Eliasson, Hagen og Nødseth.

KOST- 106/23 Vedtak:

Møtereglementet skal rullerast innan våren 2024.

4.2.c - nytt punkt:

Utvalsleiar og gruppeleiar skal tidleg varslast av administrasjonen om forfall og kven som er kalla inn.

Endring punkt 6.2:

Ordførar kan avvise spørsmål, men må grunngje slik avvising." vert endra til "Ordførar kan avvise spørsmål, men må grunngje slik avvising sakleg og konkret.

Vedr. punkt 6.1:

Strykast i sin heilskap

Tillegg om "ro og orden":

Når kommunestyret rullerer møtereglementet skal administrasjonen i samband med denne saka også kome med forslag om korleis utvala/utvalsleiar skal gå fram for tilfelle

der medlemmar av utval eller tilhøyrarar forstyrrar møtet eller på anna måte hindrar forsvarleg sakshandsaming i møtet.

Kap 2. Definisjonar Gruppeleiarane:

Kommunestyret vedtek 3. avsnitt om gruppeleiarar i framlegget frå utvalet for politisk organisering.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Samrøystes vedtatt å utsette saka til 31.08.2023.

KOST- 088/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Kommunestyret 25.05.2023:

Røysting:

Samrøystes vedtatt utsatt.

KOST- 061/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Utval for politisk organisering 02.05.2023:

Det som står om gruppeleiarar og kommunestyret, merka med raudt, vert påpeika ved sakshandsaming i kommunestyret.

Røysting:


Innstilling til møtereglement samrøystes vedtatt.

UPO- 028/23 Vedtak:

Utval for politisk organisering drøftar framlegg til møtereglement for Kinn kommune og innstiller vidare til formannskapet/kommunestyret.

Vedlegg i saken:

Møtereglement for Kinn kommune - etter drøfting 25 april



Saksnr.	Utval	Møtedato
107/23	Kommunestyret	31.08.2023

Løyve til sal av alkoholhaldig drikk 2020 - 2024

KOST- 107/23 Vedtak:

Olivika AS, org.nr. 931 308 114, ved dagleg leiar Olena Chepurna får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol i sine lokaler, REMA 1000 Deknepollen, Ulvesundvegen 1, 6718 Deknepollen. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningslinjer punkt 6.2.

Godkjent styrar for løyve: Olena Chepurna, født 26.02.1975
Godkjent avløyssar: Sara Kasem Almashakel, født 07.09.2004
Godkjent lokale: Rema 1000 Deknepollen, etter framlagde teikningar
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1
Type verksemd: Daglegvareforretning

Dette løyvet gjeld i lengste tid fram til og med 30. september 2024.

Løyvet er gjeve i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020 – 2024, godkjent i Kinn kommunestyre i sak 046/20. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med og rette seg etter desse retningslinjene.

Ved overdraging av verksemda, endring av aksjekapital eller konkurs pliktar løyvehavar å gje melding om dette til Kinn kommune.

Ved skifte av styrar eller avløyssar pliktar verksemda å gje melding om dette, og sørge for at ny styrar/avløyssar på førehand har gjennomført kunnskapsprøva etter alkohollova.

Verksemda skal for fastsetting av årlege løyvegebyr legge fram eige revidert/dokumentert rekneskap for omsetninga.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Olivika AS, org.nr. 931 308 114, ved dagleg leiar Olena Chepurna får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol i sine lokaler, REMA 1000 Deknepollen, Ulvesundvegen 1, 6718 Deknepollen. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningslinjer punkt 6.2.

Godkjent styrar for løyve: Olena Chepurna, født 26.02.1975
Godkjent avløyssar: Sara Kasem Almashakel, født 07.09.2004
Godkjent lokale: Rema 1000 Deknepollen, etter framlagde teikningar
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1

Dette løyvet gjeld i lengste tid fram til og med 30. september 2024.

Løyvet er gjeve i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020 – 2024, godkjent i Kinn kommunestyre i sak 046/20. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med og rette seg etter desse retningslinene.

Ved overdraging av verksemda, endring av aksjekapital eller konkurs pliktar løyvehavar å gje melding om dette til Kinn kommune.

Ved skifte av styrar eller avlørsar pliktar verksemda å gje melding om dette, og sørge for at ny styrar/avlørsar på førehand har gjennomført kunnskapsprøva etter alkohollova.

Verksemda skal for fastsetting av årlege løyvegebyr legge fram eige revidert/dokumentert rekneskap for omsetninga.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommunestyre skal handsame søknad om løyve for sal av alkoholhaldig drikk frå Olivika As, org.nr. 931 308 114 ved dagleg leiar Olena Chepurna, for REMA 1000 Deknepollen i Måløy.

Saksopplysningar:

Olivika As overtek drifta av REMA 1000 Deknepollen etter Gurgen Margaryan AS v/ Gurgen Margaryan 5. juni 2023.

Vurderingar:

Søklar har levert inn all naudsynt dokumentasjon kommunedirektøren har etterspurt for å kunne handsame søknaden. Søknaden har vore førelagt politiet og skatteetaten for uttale. Dei hadde ingen merknader.

Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve i samsvar med framlegg til vedtak.

Økonomiske konsekvensar:

Det vil i samsvar med gjeldane lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for sal av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgiftene kommune har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 539 om engrossal og tilverknad av alkoholhaldig drikk m.v.](#)

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak 046/20, den 20. april 2020.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 107/23 Vedtak:

Olivika AS, org.nr. 931 308 114, ved dagleg leiar Olena Chepurna får løyve til sal og utlevering av drikk med inntil 4,7% alkohol i sine lokaler, REMA 1000 Deknepollen, Ulvesundvegen 1, 6718 Deknepollen. Plasseringa av alkoholhaldig drikk er godkjent i samsvar med framlagt skisse for dette, jf. alkoholpolitiske retningslinjer punkt 6.2.

Godkjent styrar for løyve:	Olena Chepurna, født 26.02.1975
Godkjent avløysar:	Sara Kasem Almashakel, født 07.09.2004
Godkjent lokale:	Rema 1000 Deknepollen, etter framlagde teikningar
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1
Type verksemd:	Daglegvareforretning


Dette løyvet gjeld i lengste tid fram til og med 30. september 2024.

Løyvet er gjeve i samsvar med alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020 – 2024, godkjent i Kinn kommunestyre i sak 046/20. Løyvehavar pliktar å gjere seg kjent med og rette seg etter desse retningslinjene.

Ved overdraging av verksemda, endring av aksjekapital eller konkurs pliktar løyvehavar å gje melding om dette til Kinn kommune.

Ved skifte av styrar eller avløysar pliktar verksemda å gje melding om dette, og sørge for at ny styrar/avløysar på førehand har gjennomført kunnskapsprøva etter alkohollova.

Verksemda skal for fastsetting av årlege løyvegebyr legge fram eige revidert/dokumentert rekneskap for omsetninga.



Saksnr.	Utval	Møtedato
059/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	21.06.2023
108/23	Kommunestyret	31.08.2023

Forskrift om utvida bandtvang for hund, Kinn kommune

KOST- 108/23 Vedtak:

PMN vedtek å ikkje ha eige lokal forskrift om bandtvang då gjeldande ny hundelov dekker behovet som er i Kinn kommune.

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 21.06.2023

PMN vedtek å ikkje ha eige lokal forskrift om bandtvang då gjeldande ny hundelov dekker behovet som er i Kinn kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

PMN vedtek å ikkje ha eige lokal forskrift om bandtvang då gjeldande ny hundelov dekker behovet som er i Kinn kommune.

Alternativ:

PMN vedtek å sende lokal forskrift om bandtvang ut på høyring i 8 veker, der utvida bandtvang er avgrensa til bustadområde og handleområde, heile året, og til 1.oktober for resten av kommunen. Det må då takast med eige punkt om jakthundar i samsvar med «Lov om forsvarleg hundehold».

Bakgrunn for saka:

Kinn kommunestyre vedtok den 14.12.2021 Lokale forskrifter for politivedtekter i Kinn kommune. I sakshandsaminga kom det inn forslag frå Gustav Johan Nydal, Kinn Kristeleg Folkeparti og Sp om å ha lokal forskrift om bandtvang som tillegg til politivedtektene. Det er ikkje mogleg å ha med forskrift om utvida bandtvang i politivedtektene, men det er mogleg å ha eige lokale forskrifter for utvida bandtvang.

Kommunestyret bad administrasjonen legge fram ei eiga sak med forslag til forskrift om utvida bandtvang for hund i Kinn Kommune, sjå følgjande vedtak:

Vedtak (161/21)

Forslag om " Lokal forskrift om politivedtekter i Kinn kommune vert vedteken som dei ligg føre.

Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei eiga som med forslag til forskrift om utvida bandtvang for hund i Kinn kommune. Saka skal leggjast fram for kommunestyret før beitesesongen 2022.

Politivedtektene skal evaluerast/rullerast innan valperioden er omme, der det skal ligge føre ei innstilling frå politirådet før kommunestyret handsamar saka.

Forslaget til forskrift om utvida bandtvang, innebar utvida bandtvang til 1. november. Dette forslaget vart gjennomgått av politirådet i Kinn kommune 28.02.2022. Politijurist i dyrekrimetininga i Vest politidistrikt vurderte at i §1 pkt. 5 blei tatt vekk, då dette vert teke i vare i Hundeloven §6 andre ledd, tredje setning. Politirådet vedtok Krf og Sp sitt forslag til Forskrift til utvida bandtvang i Kinn kommune med unntak av §1 pkt. 5. Politirådet sitt framlegg til Forskrift til utvida bandtvang i Kinn kommune er vedlagt denne saka.

Forskrifta vart annonsert i Fjordenes Tidende og Firdaposten og på kommunen si heimeside. Høyringa var i 6 veker i perioden 04.03.2022 til 19.04.2022. I høyringa var det ingen saksbakgrunn og grunngjeving for behov for eige lokal forskrift. Det var heller ikkje sendt ut brev til aktuelle høyringsinstansar som til dømes Statsforvaltaren. Då dette vedtaket vart kjend, fekk kommunen ei rekke merknadar som kom med kraftig kritikk til forslaget om forskrifta og manglande grunngjeving. Til saman er det kome inn 20 merknader i saka. [Kravet i forvaltningslova](#) til å etablere forskrift manglar i denne saka, då saka ikkje var godt nok opplyst og offentlege og private aktørar ikkje har fått godt nok høve til å gje uttale i saka. Kommunen har ikkje samanstilt alle merknadane. Dette arbeidet vil gjerast etter eventuell ny høyringsrunde. Merknadane er i hovudsak negative til forslaget til ny lokal forskrift og dei påpeikar manglande saksutgreiing og grunngjeving for innføring av utvida bandtvang.

Våren 2022 fekk landbruksavdelinga i Kinn kommune ansvaret for å førebu saka. Saka vart utsett til ein fekk sjå resultatet av Stortinget si handsaming av ny hundelov sommar 2022 og den vart ytterlegare utsett då landbrukssjefen vart konstituert til plansjef og kapasiteten på landbruksavdelinga vart kraftig redusert.

Saksutgreiing

Regelverk

[Hundelova](#) har reglar for hundehald og bandtvangsperiode. Den nye hundelova tredde i kraft 1.januar 2023. Denne legg ansvaret for å ha kontroll på hunden hos hundeeigar i endå større grad og styrkar politiet sine moglegheiter til å gripe inn i problematiske hundehald på eit tidleg tidspunkt.

Målet med lova er:

"§ 1.Loven har til formål å bidra til å fremme et aktsomt hundehold som ivaretar hensyn til sikkerhet, trygghet, alminnelig ro og orden"

Den nasjonale bandtvangen gjeld i perioden 1. april -20. august. Då skal hunden vere i band eller forsvarleg inngjerda eller innestengd. Paragraf 6 seier:

"§ 6.Sikring av hund ved båndtvang m.m. I tiden fra og med 1. april til og med 20. august skal en hund bli holdt i bånd eller forsvarlig inngjerdet eller innestengt, slik at ikke den kan jage eller skade husdyr, tamrein eller viltlevende dyr og deres reir, bo eller hi. «Kommunen kan gi forskrift om at hunder skal holdes i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet

- a. *i og i tilknytning til boligområder og handleområder,*
- b. *i parker, på gravplasser, på og ved skoler, barnehager og anlegg for lek, idrett, sport eller rekreasjon,*
- c. *på og ved bestemt/angitte turstier, turveier, merkede skiløyper, leir- og rasteplasser,*
- d. *i bestemt angitte andre områder på land, i vann eller sjø som er allment benyttet som tur- og rekreasjonsområder,*

- e. i hele eller deler av kommunen i bestemt angitt tidsrom når husdyr normalt går ute, eller
- f. under ekstraordinære forhold som gjør båndtvang påkrevd for å beskytte viltet.

Båndtvang etter bokstav c og d kan ikke fastsettes i større grad enn nødvendig og slik at hensynet til de som ønsker å ferdes med løs hund også ivaretas i tilstrekkelig grad, både hva angår omfang og geografisk spredning. Båndtvang etter annet ledd bokstav e og f kan bare innføres i de områder av kommunen hvor husdyr har rett til å beite og faktisk beiter, eller hvor vilt man ønsker å beskytte har sitt leveområde. Båndtvang fastsatt i medhold av annet ledd bokstav f må opphøre straks forholdene tilsier det. Der beite, natur- og rekreasjonsområder berører flere kommuner, bør disse samordne sine forskrifter. Kommunens innføring av båndtvang etter bokstav f kan påklages til statsforvalteren.

Kommunen kan gi forskrift om at hunder ikke har adgang til barnehager, skolegårder eller gravplasser.»

Vurdering

Vi har inntrykk av at hundehaldet i Kinn kommune er ansvarleg, og at reglane vert følgt. Landbruksavdelinga har motteke nokre meldingar om åtak på husdyr, men desse angrepa har vore innanfor ordinær bandtvangsperiode. I juni i 2021 var det eit angrep på husdyr på Askrova og i juni i 2022 var det eit angrep på Kinn. Desse hendingane har skjedd i ferietida då fleire oppheld seg på hyttene. Landbruksavdelinga har ikkje motteke varsel om angrep på husdyr utanfor ordinær bandtvangsperiode.

Vest politidistrikt har ikkje motteke meldingar om at hundar har angripe folk. Dei har hatt to tilfelle der hundar har slitt seg laus, og gått til angrep, eller forsøkt gått til angrep på andre hundar. Desse sakene var i juni 2023 og i juni 2022, altså innanfor ordinær bandtvangsperiode.

Bandtvang bør ikkje innførast i større grad enn naudsynt. I Ot.prp.nr. 48 Om lov om hundehold (hundeloven) (s. 79) står det at «gir loven (...) en handlefrihet til å motarbeide lokalt problematisk hundehold med lokale virkemidler. Generelt bør ikke handlefriheten nyttes i større utstrekning enn det som er nødvendig for å løse lokale problemer.» (I tida utan bandtvang, er det ikkje lov å sleppe hundar laus, utan at eigar har kontroll med hunden. I hundelova § 4 står det at hundar kan berre vere lause når dei:

- a) vert fulgt og kontrollert på aktsom måte, eller
- b) er forsvarleg innegjerda på ein stad som ikkje er open for allmen ferdsel.

I hundelova § 4 står følgjande:

«Hundeholderen skal opptre hensynsfullt. Utenom båndtvangstider kan hunder bare være løse under tilsyn og kontroll som i størst mulig grad forebygger og forhindrer skader på eller ulemper for mennesker, husdyr, tamrein, vilt eller eiendom. Det skal vises særlig hensyn overfor barn og hunder som utfører en tjeneste. Hunder som er forsvarlig inngjerdet på et sted som ikke er åpent for allmenn ferdsel anses å være under kontroll. Den som holder en hund i bånd, skal være i stand til å ha kontroll med hunden, hvis de ikke blir ledsaget av noen som har slik kontroll. Hunder skal alltid holdes under slikt tilsyn at de så vidt mulig hindres i å drive eller forfølge vilt, jf. likevel [§ 9](#) tredje ledd. Om ferdsel med hund i område hvor tamrein beiter, gjelder også [reindriftsloven § 65](#).»

I eit hundehald der reglane i hundelova vert følgt, inkludert vilkåra for å la hunden vere laus, vil det ikkje vere naudsynt å innføre lokale reglar om bandtvang.

Kommunedirektøren ser det ikkje som nødvendig å innføre lokal forskrift om utvida bandtvang i Kinn kommune då den nye hundelova dekkjer behovet.

Bandtvang i tilknyting til beiting av bufe

Bandtvang kan altså innførast etter hundelova § 6 bokstav e, i heile eller delar av kommunen i tidsrom kor husdyr beiter. Heimelen i bokstav e er meint å fange opp den ordinære beitesesongen, og kan ikkje nyttast som grunnlag for å utvide bandtvangen til periodar der nokre dyr unntaksvis går ute på beite. Dette kjem fram i forarbeidet til hundelova (Ot.prp. nr. 48 (2002-2003) side 80).

Kinn kommune har om lag 11 000 sau og 1400 storfe som beitar i innmarka og i utmarka i beitesesongen. Fleire av bøndene driv utegangardrift med sau dvs. dei har ei driftsform der dyra går ute heile året. Dei som ikkje driv utegangardrift, sankar dyra normalt inn frå utmarka i midten av september.

Sidan det ikkje har vore meldt inn angrep på dyr etter 20. august, ser vi det ikkje som nødvendig å ha ei utvida bandtvang for Kinn Kommune. Det er viktig at beitelag og bønder held fram det gode arbeidet med å ha informasjonsskilt om kor det er beitedyr. Hundelova skal sikre at eigar av hunden har kontroll på hunden sin.

Bandtvang i og i tilknyting til bustadområde og handleområde

Bandtvang kan innførast etter hundelova § 6 bokstav a, i og i tilknyting til bustad og handleområde. Dette omfattar område med fast busetjing - uansett om det er tett- eller spreidd-bygd område - og handleområde, typisk butikkssentera. Det vil ikkje gjelde hytteområde, men her kan bokstav d eller e eventuelt nyttast som heimel (Ot.prp. nr. 48 (2002-2003) side 205).

Kommunen eller politiet har ikkje fått melding om åtak på folk i bustadområde eller handleområde, og vi foreslår difor å ikkje innføre bandtvang i bustadområde og handleområde.

Bandtvang på og ved bestemte turistar, turvegar, merka skiløyper og bestemte område som er allment nytta som tur- og rekreasjonsområde.

Kommunen har ikkje fått tilbakemelding om bestemte område der det har vore problem med laus hund utanfor ordinær bandtvangsperiode.

I hundelova § 6 tredje ledd fyrste punktum er det presisert at «Bandtvang etter bokstav c og d kan ikke fastsettes i større grad enn nødvendig og slik at hensynet til de som ønsker å ferdes med løs hund også ivaretas i tilstrekkelig grad, både hva angår omfang og geografisk spredning. ». Slik vi ser det, betyr naudsynt at det må faktisk vere eit problem eller aktuell problemstilling. Å innføre bandtvang for å førebygge, utan at det har vore noko problem, ser vi på som noko som ligg utanfor det som lova opnar for. Slik situasjonen er no og ut i frå dei tilbakemeldingane vi har motteke, ser vi det ikkje som naudsynt å innføre bandtvang i spesielle områder.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om forsvarlig hundehold \(hundeloven\) - Lovdata](#)

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Røysting:

Innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet vedtatt mot 1 røyst - SV v/rep. Olafsson.

KOST- 108/23 Vedtak:

PMN vedtek å ikkje ha eige lokal forskrift om bandtvang då gjeldande ny hundelov dekker behovet som er i Kinn kommune.

Behandling i Plan-, miljø og næringsutvalet 21.06.2023:

Orientering v/ plansjef Jon Anders Stavang.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak om å ikkje ha eigen lokal forskrift vedtatt med 6 røyster (2 AP v/ Nygård og Teigen, 1 H v/ Skibenes, 1 R v/ Oldeide, 2 uavhengige v/ Aare og Solheim).


Alternativt framlegg om å legge lokal forskrift ut på høyring falt med 1 røyst frå Venstre v/ Nødseth.

PMNUV- 059/23 Vedtak:

PMN vedtek å ikkje ha eige lokal forskrift om bandtvang då gjeldande ny hundelov dekker behovet som er i Kinn kommune.

Vedlegg i saken:

Forskrift om utvida bandtvang for hund forslag frå politirådet



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/35087
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 24.08.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
109/23	Kommunestyret	31.08.2023

Interpellasjonar

KOST- 109/23 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Ingen røysting.

KOST- 109/23 Vedtak:
Ingen vedtak.

Underliggende sak:
007/23, Interpellasjon til kommunestyremøte 31.08.2023 - Standalsvegen
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
007/23	Kommunestyret	31.08.2023

Interpellasjon til kommunestyremøte 31.08.2023 - Standalsvegen

KOST- 007/23 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 31.08.2023:

Raudt v/repr. Hege Chatrine Brandsøy las opp interpellasjonen:

Interpellasjon om Standalsvegen

Standalsvegen i indre del av gamle Flora kommune er i svært dårlig forfating. Dette er kanskje ikkje kjent for alle. Men for dei folkevalde er dette ingen hemmelighet. Dei som bur i Standalen og andre som brukar vegen har advart lenge og håpa endå lenger, på at noko skulle bli gjort. Og dei har frykta. Ikkje bare for at bilane skulle bli ødelagde av å køyre på vegen. Men endå meir for at det skal skje ei alvorlig ulykke før det endelig blir gjort noko.

Derfor var det stor glede i Standalen då Raudt i lag med dei andre partia i budsjettvedtaket i desember fekk sett av pengar til å starte utbedring av vegen. 1 million no i år og 6 millionar neste år. Dei har venta i spenning på at arbeidet skulle starte. Men så langt har dei venta forgjeves. No er vi ferdig med 8 av årets 12 månader og ingen utbedring har starta. Folk i Standalen fryktar at vegen ikkje vil overleve vinteren dersom noko ikkje vert gjort snarast.

Vi har følgande spørsmål til ordføraren:

1. Kvifor er arbeidet med utbedring av Standalsvegen ikkje starta?
2. Kva planar finst for dette arbeidet og når vil det komme i gang?

Svar på interpellasjon frå ordførar Ola Teigen:

Det vart gjennomført oppstartsmøte med berørte partar 06.02.2023. Det er utarbeida anbudsgrunnlag.

Det er og gjennomført ytterlegare møte med grendalag og berørte partar. Ein ser at avsette midlar er ikkje nok til å vedlikehalde heile vegen. Total beløp for endeleg vedlikehald av heile vegen beløper seg til ca kr 15 mill.

Ein har hatt dialog med dei berørte partane om kva områder som er viktigast å vedlikehalde fyrst. Oppstart graving er planlagt i november 2023.

KOST- 007/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv